

HAUGEGJERDET 34

Romslig boligtomt med sentral og populær beliggenheit.



Legal
Egedomsmeikling



VELKOMMEN TIL HAUGEGJERDET 34

Denne bustadtomt ligg i Ørsta og er ein del av eit veletablert bustadområde. Tomta har ein ideell plassering med nærleik til alle sentrumsfasilitetar, noko som gjev bebruarane enkel tilgang til viktige tenester og butikkar. I tillegg er det kort avstand til barnehagar og skular, noko som gjer ho til eit praktisk val for familiar som ynskjer ein trygg og bekvem plassering for barna sine utdanning.



FAKTA

Adresse Haugegjerdet 34,
6153 ØRSTA

Prisantydning Kr 2 990 000,-

Omkostninger Kr 75 920,-

Totalpris kr 3 065 920,-

Eierform Eiet

Eiendomstype Tomt

Tomt 1164.2 kvm eiet



KONTAKT

Tommy Sylte

Eiendomsmegler MNEF

Telefon: 982 39 657

Epost: tommy@legaleigedom.no

OM BOLIGEN

Velkommen til Haugegjerdet 34

Her finn du denne romslige boligtomta beliggande i etablert og populært boligområde med lite gjennomgangstrafikk like ovanfor sentrum av Ørsta.

Etter ei mindre reguleringsendring er det no lagt til rette for oppføring av vertikaldelt- eller horisontaldelte hus med inntil to bueiningar og med frittstående garasje/carport.

Ta kontakt med megler for meir informasjon

Oppdragsnr.

01011123

Eiendom

Haugegjerdet 34, 6153 ØRSTA

Eiendomsbetegnelse

Gårdsnummer 15, bruksnummer 950 i Ørsta kommune.

Eier

Hbb Invest AS

Prisantydning

Kr 2 990 000,-

Kjøpers omkostninger

Kr 75 920,-

Prisantydning kr 2 990 000,-

I tillegg kjem følgande gebyrer:

- 1) 2,5% dokumentavgift til staten.
- 2) Tinglysingsgebyr skjøte kr. 585,-
- 3) Tinglysingsgebyr pantedokument kr. 585,-
- 4) Boligkjøperforsikring kr. 11 500,- (valgfritt)

Total kjøpesum inkl. gebyrer: Kr. 3 065 920,-

Total kjøpesum

Prisantydning 2 990 000,-

+ Totale omkostn. kr. 75 920,-

= sum kr. kr 3 065 920,-

Objekt

Boligtomt

Eierform

Eiet

Bebyggelsen

Eigedomen ligg i område med etablert boligbebyggelse

Beliggenhet

Denne bustadtomta ligg langs Haugegjerdet og er ein del av eit veletablert bustadområde. Tomta har ein ideell plassering med nærleik til alle sentrumsfasilitetar, noko som gjev bebuarane enkel tilgang til viktige tenester og butikkar. I tillegg er det kort avstand til barnehagar og skular, noko som gjer ho til eit praktisk val for familiar som ynskjer ein trygg og bekvem plassering for barna sine utdanning.

Adkomst

Enkel og god adkomst via kommunal veg.

Grunnarealer

Sydvendt og romslig tomt med utsikt mot Ørstafjorden og fjella i kring.

Tomta ligger i lettt skrående terreng.

I reguleringa ligg det inne at deler av nedre del av tomta går vekk til framtidig vegformål.

Meir info om dette finn ein i vedlegg til prospektet.

Tomteareal: 1164.2 m²

Tomt/Eierform: Eiet tomt

Overtakelse

Etter avtale.

Kommunale avgifter

Ubebygd eigedom. Grunnlag for beregning av kommunale avgifter foreligger ikkje.

Det vil forekomme tilknytningsavgift for både vatn og kloakk. Ta her kontakt med Ørsta kommune eller kommunens heimesider for info om den til ein kvar tid gjeldande satser.

Diverse

Salgsoppgaven er utarbeidd ut ifrå opplysningar som er gitt av selgar, befaring av eigedomen samt innhenting av nødvendige dokumenter frå Ørsta kommune.

Tinglyste heftelser og rettigheter

På eiendommen er det tinglyst følgande heftelser og rettigheter som følger eiendommens matrikkel ved overskjøting til ny hjemmelshaver:

1520/15/950:

04.03.1952 - Dokumentnr: 417 - Erklæring/avtale avløyning på Velle.

Overført fra: Knr:1520 Gnr:15 Bnr:1062

Gjelder denne registerenheten med flere

15.02.1995 - Dokumentnr: 658 - Registrering av grunn Denne matrikkelenhet opprettet fra:

Knr:1520 Gnr:15 Bnr:169

Også fradelt bnr.324

Areal = 1113,3 m²

07.09.2023 - Dokumentnr: 967526 - Sammenslåing
Sammenslått med denne matrikkelenhet:
Knr:1520 Gnr:15 Bnr:1062
Elektronisk innsendt

Vei, vann, avløp

Det er offentlig veg fram til eigedomen
Der ligger tilkoblingsmuligheter for både vann og
avløp frem til tomtegrensen.

Se pkt. "kommunale avgifter" for mer informasjon og
gebyrer for tilknytningsavgift.

Vi gjer merksam på at i reguleringsplanen ligg det
inne ein framtidig vegtilkomst i nedre del av
eksisterande tomt. Dette vil medføre at tomta blir
noko mindre enn det som no er oppgitt. P.t. er det
uklart kor mykje som går til veg, men ny
tomtestørrelse blir då ca 900 kvm.

Selger er i ein prosess der ein skal selge ut denne
delen. Ta kontakt med megler her for meir
informasjon.

Offentlige planer/regulering/konsesjonsplikt

Eiendommen ligger i et område regulert til
boligbebyggelse. Planidentifikasjon RTK-7601 for
oppslag.

For boligområde skal utnyttelsesgrad regnes i %BYA
(inkl. biloppstillingsplass og garasje)
Maks %BYA er 30% for frittliggende småhus og 40%
for konsentrerte småhus. Mønehøgde og gesimshøgde
skal ikkje vere over hhv. 9,0 og 7,0m. Ark kan tillatast
i inntil 40% av bygget si fasadelengde, utan omsyn til
gesimshøgde. Garasjer kan ha maks BYA=50m².
Garasje kan ikkje ha meir enn ei etg, men i bratt
terreng kan garasje likevel oppførast med
underetasje. Garasjer skal normalt plasserast 7m frå
køyrebanekant. Kommunen kan likevel godkjenne
plassering 4,5m frå vegkant dersom innkøyring er
parallel med vegen.
Vedlagt prospektet følger meir informasjon om
reguleringsføresegner, og interessenter bes om å
sette seg inn i desse.

KONSESJON

Etter lov 23. november 2003 nr. 98 om konsesjon ved
erwerb av fast eiendom mv. § 4 kreves det
egenerklæring om konsesjonsfrihet. Det er en
forutsetning for denne handelen at kjøper signerer
egenerklæring om konsesjonsfrihet, og at
erklæringen godkjennes av kommunen før
overtakelse.
Erklæringen vedlegges skjøtet ved tinglysning, og
overtakelse kan ikke foretas før erklæring om
konsesjonsfrihet foreligger i signert og godkjent

stand. Et eventuelt konsesjonsgebyr dekkes av
kjøper.
Konferer megler for nærmere informasjon.

Meglers vederlag

Fast provisjon kr 40 000,-
Markedsføring kr 12 500,-
Salgstilrettelegging kr 9 900,-
Oppgjørsgebyr kr 5 500,-

Salgsgaranti: Solgt eller Gratis.

Dersom Oppdraget utløper eller blir tilbakekalt av
Oppdragsgiver uten at salg er kommet i stand,
betaler oppdragsgiver ingenting til Megler. Det
einaste ein må betale for, og som blir fakturert ved
markedsføringstidspunktet, er salgstilrettelegging.
Oppdragsgiver betaler bare hvis det blir salg.

Lovanvendelse

Eiendommen selges etter reglene i avhendingsloven.

Eiendommen skal overleveres kjøper i tråd med det
som er avtalt. Det er viktig at kjøper setter seg
grundig inn i alle salgsdokumentene, herunder
salgsoppgave, tilstandsrapport og selgers
egenerklæring. Kjøper anses kjent med forhold som
er tydelig beskrevet i salgsdokumentene. Forhold som
er beskrevet i
salgsdokumentene kan ikke påberopes som mangler.
Dette gjelder uavhengig av om kjøper har lest
dokumentene. Alle interessenter oppfordres til å
undersøke eiendommen nøye, gjerne sammen med
fagkyndig før bud inngis. Kjøper som velger å kjøpe
usett kan ikke gjøre gjeldende som mangel noe han
burde blitt kjent med ved undersøkelsen. Dersom det
er behov for avklaringer, anbefaler vi at kjøper
rådfører seg med eiendomsmegler eller en
bygningssakkyndig før det legges inn bud.

Hvis eiendommen ikke er i samsvar med det kjøperen
må kunne forvente ut ifra alder, type og synlig
tilstand, kan det være en mangel. Det samme gjelder
hvis det er holdt tilbake eller gitt uriktige
opplysninger om eiendommen. Dette gjelder likevel
bare dersom man kan gå ut i fra at det virket inn på
avtalen at opplysningen ikke ble gitt eller at feil
opplysninger ikke ble rettet i tide på en tydelig måte.
En bolig som har blitt brukt i en viss tid, har vanligvis
blitt utsatt for slitasje og skader kan ha oppstått. Slik
bruksslitasje må kjøper regne med, og det kan
avdekkes enkelte forhold etter overtakelse som
nødvendiggjør utbedringer. Normal slitasje og skader
som nødvendiggjør utbedring, er innenfor hva kjøper
må forvente og vil ikke utgjøre en mangel.

Boligen kan ha en mangel dersom det er avvik mellom opplyst og faktisk areal, forutsatt at avviket er på 2% eller mer og minimum 1 kvm.

Dersom eiendommen har et mindre grunnareal (tomt) enn kjøperen har regnet med, er det likevel ikke en mangel hvis ikke arealet er vesentlig mindre enn det som fremkommer av salgsdokumentene, jf. avhl-3-3.

Ved beregning av et eventuelt prisavslag eller erstatning må kjøper selv dekke tap/kostnader opptil et beløp på kr 10 000 (egenandel).

Dersom kjøper ikke er forbruker selges eiendommen «som den er», og selgers ansvar er da begrenset jf. avhl. § 3-9, 1. ledd 2. pktm. Avhendingsloven § 3-3 (2) fravikes, og hvorvidt en innendørs arealsvikt karakteriseres som en mangel vurderes etter avhendingsloven § 3-8.

Informasjon om kjøpers undersøkelsesplikt, herunder oppfordringen om å undersøke eiendommen nøye, gjelder også for kjøpere som ikke anses som forbrukere.

Med forbrukerkjøper menes kjøp av eiendom når kjøperen er en fysisk person som ikke hovedsakelig handler som ledd i næringsvirksomhet

Betalingsbetingelser

Det tas forbehold om endring i offentlige gebyrer. Kjøpesum samt omkostninger innbetales senest per overtagelsesdato. Kjøper er selv ansvarlig for at alle innbetalinger er meglerforetaket i hende til avtalt tid og må selv påse at eventuell bankforbindelse er informert om dette.

Hvitvaskingsreglene

Eiendomsmeglere er underlagt lov om hvitvasking og er forpliktet til å rapportere til Økokrim om mistenkelige transaksjoner. Lov om hvitvasking innehar også strenge regler om kontroll av legitimasjon fra alle parter i handelen, herunder, selger, kjøper og fullmektiger for disse.

Personopplysningsloven

I henhold til personopplysningsloven gjør vi oppmerksom på at interessenter kan bli registrert for videre oppfølging.

Eiendomsmegler MNEF

Tommy Sylte
tlf: 982 39 657
tommy@legaleigedom.no

Legal Eignedomsmekling

Vikegata 9

6150 Ørsta
Org.nr.: 924 622 083

Salgsoppgave dato

23.10.2023

Vedlegg til salgsoppgaven

- Reguleringsplan Kyrkjegarden - Haugegjerdet - Søknad om mindre endring.
- Detaljreguleringsplan for ME Kyrkjegarden - Haugegjerdet gbe. 15/950.
- Kommunedelplan for Ørsta sentrum og Hovdebygda.
- Reguleringsplankart.
- Kommuneplankart.
- Eiendomsgrenser.
- Vegstatuskart.

Kontakt oss gjerne ved ønske om ytterligere informasjon.

Boligselgerforsikring

For denne eiendomen er det ikkje teikna boligselgerforsikring

Boligkjøpsforsikring

Vedlagt i salgsoppgaven følger informasjon om Boligkjøperforsikring Pluss og Boligkjøperforsikring fra HELP Forsikring AS.

Boligkjøperforsikring er en rettshjelpsforsikring som gir trygghet og profesjonell juridisk hjelp dersom det oppdages uventede feil eller mangler ved boligen de neste fem årene.

Boligkjøperforsikring Pluss har samme dekning som boligkjøperforsikring + fullverdig advokathjelp på viktige rettsområder i privatlivet.

Les mer om begge forsikringene i vedlagte materiell eller på help.no.

Boligkjøperforsikring kan tegnes av privatpersoner som kjøper bolig til eget formål, og gjelder ikke for foretak eller næringsbygg.

Informasjon om budgivning

Bud kan legges inn på nettannonsen på "gi bud knappen".

Ved elektronisk budgivning så kan bud legges inn trygt og enkelt med bank-ID. Megler kan også kontaktes for tilsendelse av budkjema og budskjema finnes også i salgsoppgaven.

All budgivning må foregå ved skriftlighet. Ikke nøl med å ta kontakt dersom det er behov for bistand for å gi bud.









Dykkar ref.: Vår ref.: P1694 Dato 27.10.2020

Reguleringsplan Kyrkjegarden - Hauegjerdet, planident RTK-7601 – søknad om mindre endring – ME Kyrkjegarden - Hauegjerdet – endring ved gnr./bnr. 15/950 – Ørsta kommune

Bakgrunn

Det blir søkt om mindre endring for gnr./bnr. 15/950 for å leggje til rette for konsentrert småhus og endring av regulert veg.

Dagens situasjon




Figur. 1 Flyfoto frå 2019 som syner dagens situasjon av området ved gbr. 15/950.

Tomta gnr./bnr. 15/950 ligg inntil Hauegjerdet og er på 1 113 m². Den er ikkje nytta til utbyggingsformål. Tilgrensande eigedomar er bygd ut med bustadar, både til frittliggande og konsentrert småhus. Det skal leggjast til areal frå bnr. 169 til ny tomt.

Planstatus

Overordna plan

I KDP Ørsta sentrum og Hovdebygda skal gjeldande reguleringsplan gjelde føre kommunedelplanen, området er markert med omsynssone der reguleringsplan skal framleis gjelde.




Figur. 2 Utsnitt av KDP Ørsta sentrum og Hovdebygda, der gjeldande reguleringsplanar skal gjelde før kommunedelplanen. Kjelde Sunnmørskart.

Gjeldande reguleringsplan

Reguleringsplanen for området er [Kyrkjegarden – Haugegjerdet](#), vedteken 11.01.1977, med planident RTK-7601. Gnr./bnr. 15/950 har føremål bustad og veg. Det er opna for frittliggende småhus i ein etasje, men der terrenget og omsyn til eksisterande bygg tilsei det, kan det gjevast løyve til hus i ein etasje med sokkel eller hus i 1 ½ etasje. Gesimshøgde skal ikkje vere over 3,5 m for bygg med ein etasje og 6 m for bygg med 1 ½ etasje eller 1 etasje med sokkel. Krav om takvinkel mellom 18 og 27°.

Vegar ved tomte er ikkje i samsvar med regulering (Haugegjerdet), eller er ikkje bygd.



Figur. 3 Utsnitt av gjeldende reguleringsplan for gnr./bnr. 15/950. Kjelde Summørskart.

Miljø og landskap

Alle saker som kan gje konsekvensar for naturmangfald skal vurderast etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova, jmfør nml. § 7. Etter sjekk i Naturbase og Artsdatabanken er det ikkje registrert sårbare eller truga artar, utvalde naturtypar, kulturlandskap, verneområde eller område nytta til friluftsliv i eller ved tiltaksområdet.

Kulturminne og kulturmiljø

Etter sjekk i Askeladden er det ikkje registrert kulturminne ved tiltaksområdet.

Landbruk

Det er ikkje dyrka eller dyrkbart areal i planområda. Tiltaket vil ikkje gje negative konsekvensar for landbruksdrift.

ROS (risiko og sårbarheit)

Kommentarar til ROS-sjekkliste:

Ustabile grunnforhold - Området ligg under marin grense. Det er i nærområdet bygd ut til bustadar, det er ikkje registrert ustabile grunnforhold i området.

Radon - Jamfør TEK17 § 13-5 blir det gjort bygningstekniske tiltak mot radon.

ROS-sjekkliste ligg vedlagt.

Mindre endring

Framlegg til reguleringsendring vert lagt opp til å bli utført som endring etter plan- og bygningslova § 12-14.

Omsøkt endring gjeld del av planområdet til reguleringsplan synt med blå stipla line i vedlagt kart/illustrasjonar.



Figur. 4 Utsnitt av gjeldande reguleringsplan med plangrense (blå stipla line) over.

Føresegnene til reguleringsplan Kyrkjegarden - Hauegjerdet blir endra og skal ikkje gjelde for planområdet.

Omfang endring

Ønska endring er å leggje til rette for firemannsbustad og omlegging av regulerte vegar.



Figur. 5 Situasjonsplan av ønska utbygging av området. Kjelde BoligPartner

Framlegg til endringar

Veg (Haugegjerdet)

Regulert veg blir flytta vestover slik at den ligg i samsvar med opparbeidd veg vest for bnr. 950, med same kurvatur og breidde som opparbeidd veg, med tillegg av areal utanfor vegkroppen. Mot vest blir arealformålet lagt i eigedomsgrense langs veg, som ligg utanfor vegkroppen. Mot aust blir formål veg lagt utanfor vegkroppen for å sikre sideareal til vegen, slik at regulert veg blir på 6,0 m, og gjeld for vegareal; veg, vegskulder og sideareal. Det blir regulert nytt kryss frå Haugegjerdet, med vidareføring av regulerte vegar sør for tomta mot aust og sør, med same breidde som gjeldande reguleringsplan, 5 m, til veg, vegskulder og sideareal.

Frisiktsoner

Det blir sett krav i planen til frisiktsoner for å trygge kryss ved Haugegjerdet, frisiktsoner er lagt inn i plankartet som frisiktsoner.

Byggjegrænse

Byggjegrænse langs Haugegjerdet blir vidareført frå gjeldande reguleringsplan, 5 m frå vegformål for bustadhus langs Haugegjerdet. Det kan byggjast garasje/uthus nærare, men tiltak eller parkering kan ikkje leggjast innanfor frisiktzone eller gje negative konsekvensar for trafikktryggleiken. For veg mot aust, som er blindveg, blir det regulert med byggjegrænse 4 m frå vegformål. Vegen er rett og vil ikkje gje negative konsekvensar for trafikktrygging. Det vert opna for at carport/bod kan byggjast parallelt med veg om lag 2 m frå vegformål.


Bustad

Planen blir endra for å leggje til rette for firemannsbustad med frittstående carportar med bod. Det blir lagt til rette for to biloppstillingsplassar per buening, der ein av oppstillingsplassane blir som carport. Byggjehøgde bustad vert sett til maksimal gesimshøgde 6,5 m og maksimal mønehøgde på 8 m. Tomta blir regulert til konsentrert småhus, med maksimal utnytting inntil 40 % BYA. På grunn av endring av regulert veg blir delar av vegareal omregulert til frittliggande bustad for gnr./bnr. 15/173, om lag 75 m².

Tabell 1 Arealoversikt plankart.

formålskode	formål omtale	feltnavn	eigar	Utnytt	areal
1111	frittliggande småhus	BFS	annan eigar	30 % BYA	73,9
1112	konsentrert småhus	BKS	felles	40 %BYA	42,8
1112	konsentrert småhus	BKS	annan eigar	40 %BYA	1 012,2
2010	Veg	o_SV	offentleg formål		733,9
Samla areal					1 862,7

Kommunestyret har gjort vedtak om høgare utnytting av sentrumsnære areal og prinsipp om berekraftig byutvikling (Miljøverndep.) tilsei auka fortetting i tettstadane. Det er tidlegare bygd firemannsbustad i dette området, området er ikkje eit reint einestadområde. Det blir for kvar leilegheit sett av uteoppfallsareal på bakkenivå.



Figur. 6 Framlegg til plankart for ME Kyrkjegarden - Haugegjerdet.

Konsekvensar av omsøkt endring

Konsekvensar av omsøkt endring vert vurdert som små negative. Planendringa medfører ikkje fysisk endringar av bygde vegar, og den vidarefører regulert veg. Haugegjerdet er tilstrekkeleg

dimensjonert for den auka trafikken som kjem av ein ny firemannsbustad, nye avkøyrslar til bustadområdet kan nyttast som møteplassar. Det er ikkje fleire ledige tomter i området, slik at det ikkje vil bli meir trafikkauke i området utover det som blir planlagt. Det blir lagt opp til ei avkøyrslar direkte til Haugegjerdet, på ei oversiktleg strekning, som ikkje vil medføre trafikkfare.

Oppføring av firemannsbustad stettar kommunestyrevedtak om høgare utnytting sentrumsnært.

Tiltak langs Haugegjerdet utanfor byggjegrænse for planområdet vil gje små konsekvensar, vegen har ytterkurve mot planområdet, og tiltak vil ikkje gje sikthindring. Endring av byggjegrænse langs veg sør for tomte vil ha små konsekvensar, vegen er på ei rett strekning, det blir lite trafikk og i tillegg er det usikkert om vegen vil bli bygd, sidan bustadane vegen skal serve alt har tilkome frå annan veg.

For bnr. 262 og 448 blir det ikkje gjort fysiske endringar av tomtene, endring av regulert veg følgjer eigedomsgrense, og det blir ikkje lagt opp til endring av Haugegjerdet.

Byggjehøgden blir auka i høve gjeldande føresegnar med 0,5 m for gesimshøgde. I gjeldande reguleringsplan var det ikkje sett mønehøgde, men nytta krav om takvinkel mellom 18 og 27 grader. I denne planen vert det nytta maksimumshøgde på 8 m. Utsyn frå kringliggande bustadar vil bli noko redusert, men tomte ligg som utbyggingsområde, det må forventast at det kjem bustad på tomte.

Det er sett av leikeareal om lag 120 m frå planområdet. Alle bueningane vil få uteopphaldsareal på bakkenivå.

VA for tiltaket blir knytt til eksisterande kommunalt anlegg som har tilstrekkeleg kapasitet i området.

Bjarte F Friisvold
Arealplanleggar
Mob 974 89 987
Oseing.no

Vedlegg:

ME Kyrkjegarden - Hauegjerdet gbr. 15_950_Ørsta – plankart_2020.10.27

ME Kyrkjegarden - Hauegjerdet gbr. 15_950_Ørsta – føresegnar_2020.10.27

ME Kyrkjegarden - Hauegjerdet gbr. 15_950_Ørsta – sjekklister ROS_2020.10.27

ME Kyrkjegarden - Hauegjerdet gbr. 15_950_Ørsta – situasjonsplan_2020.10.26

ME Kyrkjegarden - Hauegjerdet gbr. 15_950_Ørsta – illustrasjon_2020.10.27

Egenerklæring – tomt

Oppdragsnummer: 01011123
 Selgar: HBB INVEST
 Adresse: HALVREGJERDE 34
 Matrikkel: 15/958

Eiendomsforhold, generelt etc... (Alle spørsmål som besvares med ja skal kommenteres)	Ja	Nei	Kommentarer
Sitter du/dykk inne med kunnskap om tinglyste rettar eller plikter som gjeld for eigedomen, som til dømes forkjøpsrett og vegrett?		X	
Veit du/dykk om liknande avtalar som ikkje er tinglyste?		X	
Vet du/dykk om andre plikter i høve til eigedomen?		X	
Veit du/dykk om det er eller har vore tvistar med naboar eller andre angående eigedomen?		X	
Veit du/dykk om reguleringsplanar, andre planar, nabovarsel eller offentlege vedtak som kan føre til endringar i bruken av eigedomen, eller forslag til slikt?		X	
Veit du/dykk om det er refusjonskrav knytt til tomten, som til dømes utgifter til veg, vatn og avløpanlegg og fellesarealer?		X	

Ørsta 23/10-23
 Sted/dato

Arthur Bjørndal
 Selgar: HBB INVEST AS



Detaljreguleringsplan for ME Kyrkjegarden – Haugegjerdet gbr. 15/950

Planidentifikasjon: Kartnr. i kartarkivskap nr. 1

Eigengodkjenningsdato

Eigengodkjend av:

ååååxxx

dd.mm.åååå

Ørsta kommunestyre

Områdeomtale/plangrense:

Plangrensene er vist på reguleringskartet [ME Kyrkjegarden – Haugegjerdet, gbr.15/950](#), sist revidert [27.10.2020](#).

§1. – GYLDIGHETSOMRÅDE

Desse føresegnene gjeld innanfor plangrensa som vist på plankartet. Innanfor desse grensene skal areala nyttast slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§2. – PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§3. – REGULERINGSFORMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med § 12-5 i plan- og bygningslova (PBL av 2008) til følgjande føremål:

3.1. BYGNINGAR OG ANLEGG

- Bustadar – konsentrert småhus (BKS) og frittliggande småhus (BFS)

3.2. SAMFERDSEL OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

- Veg

§4. – AREALBRUK

4.1. – BYGNINGAR OG ANLEGG

a) I område merka BKS kan det oppførast:

-Vertikaldelte og/eller horisontaldelte hus med inntil 4 bueiningar.

b) For bygningar innan område merka BKS skal gesimshøgde ikkje overstige 6,5 m, ark kan i tillegg tillast i inntil 40% av bygget si lengde. Mønehøgde skal ikkje vere større enn 8,0 m.

c) Grad av utnytting av tomtene er bestemt av "tillate bebyggd areal" (BYA) slik:

Område BKS

Max %-BYA = 40%

d) Kvar bueining skal ha 2 parkeringsplassar, der minst ein er som garasje/carport.

e) Det kan førast opp bod, garasje, carport m.m. utanfor regulert byggjegrænse dersom tiltaka ikkje medfører negative konsekvensar for trafikktryggleiken.

4.2. – SAMFERDSEL OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.2.1 Offentleg køyreveg

I offentlege trafikkområde skal det byggjast:

- køyreveggar,

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar, jfr. pbl § 35.

§5. – FELLESFØRESEGNER

5.1. VEGSYSTEM

- I frisiktsoner er det forbod mot fyllingar, bygningsmessige arbeid og plantning o.a. som er til hinder for fri sikt i ei høgd på 0,5 m over vegplanet.
- Vegskråningar skal setjast i stand med tilplanting/tilsåing samstundes med ferdigstilling av bustadfeltet. Terreng, gjerde og hekkar langs gater skal ikkje vere høgare enn 0.7m over vegnivået. Ved avkøyrsløse gjeld ovannemnde, men høgda skal ikkje vere over 0.5 m.

5.2. UTBYGGINGSAVTALE

For å sikre felles eller naudsynt infrastruktur ved utbygging, kan kommunen inngå utbyggingsavtalar med grunneigarar eller utbyggjarar, jf. pbl. §17-2. Innhaldet i utbyggingsavtalar skal ligge innanfor rammene gitt i pbl §17-3.

5.3. TERRENGBEHANDLING

Nødvendige terrenginngrep skal utførast mest mogleg skånsamt og opne terrengsår skal i nødvendig grad tilsåast/tilplantast. I tilfelle der det førekjem utgravne massar skal desse leggjast på stader der dei ikkje verkar skjemmande. Ved varige opne utgravningar, som vegskjeringar, der høgdeforskjell mellom topp skjering og botn utgraving er større enn 1,5 m, bør det etablerast støttemur.

Stein Aam
-ordførar-

Wenche Solheim
- rådmann-

**KYRKJEGARDEN-HAUEGJERDET**

Planidentifikasjon: Kart-nr i kartarkivskap nr 1

RTK- 7601 10

Stadfestingsdato

11.01.77

Stadfesta av:

Fylkesmannen**FELLESBESTEMMELSER.****§ 1**

Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å take vare på eksi-sterande vegetasjon i området.

§ 2

Ubebygdd del av tomta skal utformast tiltalande, det er ikkje tillatt å ha skjemmaande skjæringar og fyllingar.

§ 3

Bygningsgrupper som naturleg høyrer saman, skal gjevast ei harmonisk utforming. Planlegging av husa skal samordnast. Bygherrar og arkitektar bør kontakte bygningsrådet før prosjekteringa for å bli informert om planlegging av tomtene ikring.

§ 4

Gjerde og hekkar langs gater skal ikkje vere over 0,7 m.

BESTEMMELSER FOR BEBYGGELSEN**§ 5**

Bebbyggelsen skal oppførast innanfor dei på planen viste bygge-liner. Plassering og utforming skal i kvart enkelt høve godkjennast av bygningsrådet.

§ 6

Frittliggande småhus kan byggast i berre ein etasje. Der terrenget og omsynet til eksisterande bygg tilseier det, kan bygningsrådet gi løyve til oppføring av hus i ein etasje pluss sokkel eller hus i ein etasje pluss sokkel eller hus i 1 ½ etasje.

§ 7

Gesimshøgda skal ikkje overstige 3,5 meter for ein etasjes bygg og 6 meter for bygg i 1 ½ etasje eller 1 etasje pluss sokkel.

Gesimshøgda vert målt frå terrenget til skjæringslinja mellom fasadeflate og takflate, jfr. byggeforskriftene.

§ 8

Dei frittliggande småhusa inklusive garasjer skal til vanleg opp-førast med saltak med takvinkel mellom 18 og 27°. Innafor same husgruppe eller gateflukt kan bygningsrådet krevje eins takform og takvinkel.

§ 9

I område for bustadbygging skal det vere oppstillingsplass på eiga tomt eller på eit fellesareal for fleire tomter for 1 bil pr. bustad, pluss 0,25 bil pr. bustad for gjester. For hybelbygg blir det kravt tilsvarande for annankvar hybel.

§ 10

Avkøyrslar til tomtene skal utformast etter krav til private av-køyrslar til kommunale vegar for Ørsta kommune.

§ 11

På tomt til parkvesenet kan det berre førast opp bygg i ein etasje for lager og garasje for reiskap og maskiner som høyrer etaten til.

Stadfest i Molde

den 11.01.77



Ørsta kommune

Adresse: Dalevegen 6, 6153 Ørsta

Telefon: 70049700

Utskriftsdato: 06.10.2023

Planopplysninger

EM §6-7

Oppdragstakerens undersøkelses- og opplysningsplikt

Kilde: Ørsta kommune

Kommunenr.	1520	Gårdsnr.	15	Bruksnr.	950	Festenr.		Seksjonsnr.	
Adresse	Haugegjerdet 34, 6153 ØRSTA								

Opplysningene omfatter gjeldende planer og pågående planarbeid for eiendommen. Nærmere opplysninger om den enkelte plan med dokumenter, mindre endringer, etc finnes på internett, se lenker under. Oppgitte delarealer viser planinformasjon på eiendommen. Det tas forbehold om at det kan forekomme feil, mangler eller avvik. Spesielt gjelder dette for eiendommer med usikre eiendomsgrenser, eller der eiendommen ikke er oppmålt.

Plantyper med treff

- Kommuneplaner
- Reguleringsplaner
- Kommunedelplaner

Plantyper uten treff

- Kommuneplaner under arbeid
- Reguleringsplaner under bakken
- Reguleringsplaner under arbeid
- Reguleringsplaner under arbeid i nærheten
- Bebyggelsesplaner over bakken
- Midlertidige forbud
- Kommunedelplaner under arbeid
- Reguleringsplaner over bakken
- Reguleringsplaner bunn
- Bebyggelsesplaner
- Bebyggelsesplaner under bakken

Kommuneplaner

Besøk kommunens hjemmeside for mer informasjon.

Id	2012007		
Navn	Kommunedelplan for Ørsta sentrum og Hovdebygda		
Plantype	Kommunedelplan		
Status	Endelig vedtatt arealplan		
Ikrafttredelse	16.06.2015		
Bestemmelser	https://www.arealplaner.no/1520/dokumenter/3293/2012007-E_KDP-%c3%98S-H_f%c3%b8resegn.pdf		
Delarealer	Delareal	1 164 m ²	
	KPHensynsonenavn	70	
	KPDetaljering	Reguleringsplan skal fortsatt gjelde	
	Delareal	1 164 m ²	
	BestemmelseOmrådenavn	#1	
	KPBestemmelseHjemmel	forhold som skal avklares og belyses	

Kommunedelplaner

Besøk kommunens hjemmeside for mer informasjon.

Id	2012007	
Navn	Kommunedelplan for Ørsta sentrum og Hovdebygda	
Plantype	Kommunedelplan	
Status	Endelig vedtatt arealplan	
Ikrafttredelse	16.06.2015	
Bestemmelser	- https://www.arealplaner.no/1520/dokumenter/3293/2012007-E_KDP-%c3%98S-H_f%c3%b8resegn.pdf	
Delarealer	Delareal	1 164 m ²
	KPHensynsonenavn	70
	KPDetaljering	Reguleringsplan skal fortsatt gjelde
	Delareal	1 164 m ²
	BestemmelseOmrådenavn	#1
	KPBestemmelseHjemmel	forhold som skal avklares og belyses

Reguleringsplaner

Besøk kommunens hjemmeside for mer informasjon.

Id	RTK-7601	
Navn	KYRKJEGARDEN - HAUEGJERDET	
Plantype	Eldre reguleringsplan	
Status	Endelig vedtatt arealplan	
Ikrafttredelse	11.01.1977	
Bestemmelser	- https://www.arealplaner.no/1520/dokumenter/1191/RTK-7601_KYRKJEGARDEN-HAUEGJERDET_f%c3%b8resegn.pdf	
Delarealer	Delareal	20 m ²
	Formål	Boligbebyggelse-frittliggende småhusbebyggelse
	Feltnavn	BFS_3
	Delareal	9 m ²
	Formål	Veg
	Feltnavn	o_SV1
	Delareal	852 m ²
	Formål	Boligbebyggelse-frittliggende småhusbebyggelse
	Feltnavn	BFS_1
	Delareal	31 m ²
	RPHensynsonenavn	H_140
	RPSikring	Frisikt
	Delareal	157 m ²
	Formål	Annen veggrunn - tekniske anlegg
	Feltnavn	o_SVT
	Delareal	127 m ²
	Formål	Veg
	Feltnavn	f_SV2

Kommunedelplan for: Ørsta sentrum og Hovdebygda

PlanID:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningsdato	Eigengodkjend av:
1520 2012007		11.06.2015	Ørsta kommunestyre

Revisjon A: Justering etter vedtak i f-sak 20/14, samt justering av § 3.7 vedk. Ørstafjordkryssing

Revisjon B: Endring som følgje av merknader etter 1. gongs offentleg ettersyn og NVE si rasfarekartlegging.

Revisjon C: Endring som følgje av formannskapet sitt vedtak i sak 30/15 den 10.03.2015

Revisjon D: Justert etter 2. g. offentleg ettersyn, klargjering for godkjenning

Revisjon E: Justert i samsvar med kommunestyret sitt vedtak i sak 60/15 den 11.06.2015

Endra jf. mindre endring i Ørsta formannskap 20.10.2015

Områdeomtale/plangrense:

Plangrensene er vist på plankart 2012007-01E, sist revidert 11.06.2015 med tilhøyrande juridisk bindande kartutsnitt.

Tekst som står utanom tekstboksar er bestemmingar knytt til dei einssilde tema/føremål og er juridisk bindande. Tekst i tekstboksar er knytt til konkrete utbyggingsområde der ein har skilt mellom retningslinjer og bestemmingar:

Bestemmingar:

Bestemmingar etter denne føresegna er juridisk bindande (jf. pbl §§11-10 og 11).

Retningslinjer:

Retningslinjer etter denne føresegna er retningsgivande, og skal følgjast så langt som råd. Om ein må fråvike retningslinjene skal grunngjeving gå klart fram av vedtaket/plandokument.

§1. - FELLESFØRESEGNAR

1.1. LOKALISERING AV DETALJHANDEL OG TENESTEYTING

Bestemmelse jf. pbl §11-10	Retningsline
<p>Innanfor føresegnområde merka #4 er det tillate med detaljhandel. Ved utarbeiding av ny reguleringsplan for Ørsta sentrum skal det fastsetjast ny avgrensing av detaljhandelszona.</p> <p>Utanfor sentrumskjernen er det høve til å etablere detaljhandel innanfor kvart av delområda Ose/Osborg, Hovdebygda/Ryste, Liadal og sentrum utanom sentrumskjernen, i samsvar med rammene i dei til ei kvar tid gjeldande bestemmingar i "Rikspolitisk bestemmelse etter §17-1 annet ledd i Plan og bygningsloven om midlertidig etableringsstopp for kjøpesentre utenfor sentrale deler av byer og tettsteder" og "regional delplan for senterstruktur", eller tilsvarande. Dette kan til dømes vere daglegvarebutikk som skal gje dekning for delområdet.</p>	<p>Detaljhandel som rettar seg mot ein større del av befolkninga bør lokaliserast i sentrumskjernen.</p> <p>Areal- og volumkrevjande handel bør lokaliserast i- eller nær sentrum eller i Hovdebygda.</p> <p>Lokalisering av privat- og offentleg tenesteyting bør skje etter same prinsipp som for handel.</p>

1.2. ESTETIKK

Ved utforming av byggetiltak skal det takast omsyn til bygde og naturgitte omgjevnader. Det skal visast respekt for lokale særtrekk i byggeskikken, jf. til dømes Ørsta sentrum som "den kvite byen".

Det er eit mål at god arkitektur skal nyttast som eit verkemiddel til å utvikle Ørsta sentrum som ein god tettstad.

1.3. UNIVERSELL UTFORMING

Gjeldande lover, forskrifter og retningsliner samt kommunen sine til ei kvar tid gjeldande retningsliner/bestemmingar skal leggest til grunn ved planlegging og utforming av bygg og uteområde.

1.4. ENERGI

Ved planlegging og utforming av byggetiltak skal gjeldande lover, forskrifter og retningsliner samt kommunen sin til ei kvar tid gjeldande klimaplan leggest til grunn.

1.5. TEKNISK INFRASTRUKTUR

1.5.1 Handtering av overvatn

Ved utbygging av nye område skal handtering av overvatn vurderast særskilt. Ev. avskjeringskanalar, fordrøyingsmagasin o.l. skal vere del av reguleringsplan. Det må også gjerast ei vurdering av nedstraums konsekvensar.

1.5.2 Utbyggingsavtale

For å sikre felles eller naudsynt infrastruktur ved utbygging, kan kommunen inngå utbyggingsavtalar med grunneigarar eller utbyggarar, jf pbl §17-2. Innhaldet i utbyggingsavtalar skal ligge innanfor rammene gitt i pbl §17-3.

1.6. PARKERING

Der ikkje anna er fastsett i reguleringsplan skal kommunen sine til ei kvar tid gjeldande retningsliner/bestemmingar for parkering leggest til grunn for dimensjonering av parkeringsdekning.

1.7. BYGGJEFORBOD LANGS SJØ OG VASSDRAG

1.7.1 Langs vassdrag

Langs dei større vassdraga er det av omsyn til naturverdiar og friluftssinteresser definert ei byggjeforbodsgrense jf pbl §11-11 nr. 5. Innanfor desse grensene kan det ikkje gjennomførast nye tiltak jf. pbl § 1-6. Forbodet gjeld også landbruksbygg, landbruksvegar, massetak, nydyrking og treslagskifte. Det kan likevel etablerast tursti/turveg i samsvar med planen samt enkel tilrettelegging for friluftsliv. Det kan ikkje drivast flatehogst, det kan likevel utførast forsiktig tynningshogst i LNF-område.

1.7.2 Langs sjø

For nye byggeområde innanfor 100-metersbeltet skal ny byggegrense mot sjø fastsetjast gjennom reguleringsplan. Der offentleg veg ligg nærare sjøen enn 100m er vegen grense for byggeforbodet. 100-metersgrensa gjeld for alle andre område der anna ikkje er fastsett i reguleringsplan.

1.8. KULTURMINNE

Ved alle tiltak (jf. pbl §1-6) eller i plansaker på land eller i sjøen skal tilhøvet til kulturminne avklarast, og regionalt kulturminnemynde skal høyrast dersom kulturminnespørsmålet ikkje er avklara gjennom reguleringsplan.

§2. AREALBRUK

2.1. BYGG OG ANLEGG

2.1.1 Bustad - framtidig

Det er krav til reguleringsplan for alle bustadområde med arealstatus framtidig. Plantype for dei forskjellige utbyggingsområda går fram av tabellen under:

Områdeplan jf. pbl § 12-2	Detaljreguleringsplan jf. pbl §12-3*
B8, B10, B15,	B1, B2, B4, B5, B6, B7, B9, B11, B12, B13, B14, B16

*Områda med krav om detaljregulering kan også gå inn som del av ein større områdereguleringsplan der dette er føremålstenleg.

Kvart av områda med krav om detaljreguleringsplan skal planleggast samla, med mindre det kan dokumenterast som forsvarleg å dele områda i fleire delområde. For områda B12 og B15 er det fastsett egne krav til samla planlegging jf. §3.5.1.

Ved utarbeiding av reguleringsplan/reguleringsendring skal følgjande retningsliner og bestemmelsar leggest til grunn:

Bestemmelse jf. pbl §11-10	Retningsline
Kommunen sine til ei kvar tid gjeldande føresegn/retningsliner for fysisk utforming skal leggest til grunn ved utarbeiding av reguleringsplan.	Innan områda B7, B9 og B12 bør det leggest til rette for konsentrerte utbyggingsformer. For dei andre områda bør minst 50% av bueiningane vere konsentrerte buformer. Areal nær sentrum og i nærleiken av kollektivtrasear skal ha høg arealutnytting. Det må likevel takast omsyn til eksisterande bumiljø.

2.1.2 Bustad - noverande

Bustadområde med arealstatus noverande gjeld område som i dag er heilt eller delvis utbygde til bustadføremål, men som ikkje har gjeldande reguleringsplan.

Innan desse områda kan nye bustader med maks. 4 bueiningar eller tilbygg/påbygg, garasje eller liknande på bebygd eigedom oppførast utan plankrav. Det må då dokumenterast at dette ikkje vil vere til hinder for ei seinare regulering eller at det etter ei konkret vurdering ikkje er behov for å utarbeide reguleringsplan. Utbyggingsprosjekt med to eller fleire konsentrerte småhus eller meir enn fire bueiningar skal regulerast.

Bestemmelse jf. pbl §11-10	Retningsline
Maks %BYA er 30% for frittliggande småhus og 40% for konsentrerte småhus. Mønehøgd og gesimshøgd skal ikkje vere over hhv. 9,0 og 7,0m. Ark kan tillast i inntil 40% av bygget si fasadelengde, utan omsyn til gesimshøgd. Garasjer kan ha maks BYA=50m ² . Garasje kan ikkje ha meir enn ei etg, men i bratt terreng kan garasje likevel oppførast med underetasje. Garasjer skal normalt plasserast 7m frå køyrebane kant. Kommunen kan likevel godkjenne plassering 4,5m frå vegkant dersom innkøyring er parallell med vegen.	

2.1.3 Fritidsbustadar – framtidig

Det er krav til reguleringsplan for alle område for fritidsbustadar med arealstatus framtidig. Plantype for dei forskjellige utbyggingsområda går fram av tabellen under:

Områdeplan jf. pbl § 12-2	Detaljreguleringsplan jf. pbl §12-3
	BFR1, BFR2, BFR3, BFR4

Ved utarbeiding av reguleringsplan/reguleringsendring skal følgjande retningslinjer og bestemmelsar leggst til grunn:

Bestemmelse jf. pbl §11-10	Retningsline
<p>I samband med reguleringsplan skal det fastsettast byggegrense mot sjøen. Det skal vere ope for ålmenn ferdsle langs sjøen. Langs sjøen kan det ikkje settast opp gjerde eller privatiserast på annan måte som hindrar ferdsle.</p> <p>Kommunen sine til ei kvar tid gjeldande føresegner/retningsliner for fysisk utforming skal leggst til grunn ved utarbeiding av reguleringsplan.</p>	

2.1.4 Fritidsbustadar – noverande

Område for fritidsbustadar med arealstatus noverande gjeld område som i dag er heilt eller delvis utbygde til fritidsbustadar, men som ikkje har gjeldande reguleringsplan.

Nye fritidsbustadar kan oppførast utan plankrav dersom det kan dokumenterast at dette ikkje vil vere til hinder for ei seinare regulering eller der det etter ei konkret vurdering ikkje er behov for å utarbeide reguleringsplan. Det same gjeld ved tilbygging/påbygging på eksisterande bygg.

Bestemmelse jf. pbl §11-10	Retningsline
<p>Maks BRA=100 m² pr. tomt, inkl. veranda, overdekt terrasse og anneks/uthus.</p> <p>Maks gesimshøgde er 4,5m, og maksimal mønehøgde er 6,0m over topp grunnmur. Grunnmuren skal vere lågast råd, og maks. 1,5m målt frå lågaste terrengnivå. Det skal gjerast minst mogleg inngrep i eksisterande terreng.</p> <p>Plassering og utforming av nye bygg skal tilpassast eksisterande bygg, og ikkje vere nærare sjøen enn fastsett byggegrense.</p> <p>Det skal etablerast minimum 1 parkeringsplass pr. fritidsbustad.</p>	

2.1.5 Sentrumsføremål

I to avgrensa område innanfor sentrumsføremålet er det fastsett plankrav før nye byggetiltak kan settast i verk, jf. §3.2.2.

Ved utarbeiding av reguleringsplan skal følgjande retningsliner og bestemmelsar leggst til grunn:

Bestemmelse jf. pbl §11-10	Retningsline
<p>Innan sentrumsføremålet er det tillate med forretning, kontor, offentleg og privat tenesteyting, kjøpesenter, næring (småskala industriproduksjon, bensinstasjon, hotell, bevertning), sentrumsbustadar, idrettsanlegg,</p>	<p>Freda, verna eller bevaringsverdige bygg eller kulturmiljø skal vidareførast.</p> <p>Det kan opnast for fem etasjer på bygg der det etter ei konkret vurdering er forsvarleg.</p>

samferdsleanlegg og grønstruktur.

Innan sentrumsområdet skal det definerast område der det er tillate med detaljhandel utover grensa på 3000m² BRA i kjøpesenterforskrifta. Inntil oppdatert grense for detaljhandel er fastsett i seinare planprosess, skal føringar gitt i tettstadsanalyse frå 1999 og reguleringsplan RTK-0003 – Ørsta sentrum gjelde.

2.1.6 Offentleg eller privat tenesteyting

I område merka BBH1-2 kan det etablerast nye barnehagar. Ved planlegging av barnehagar skal det leggst til rette for trygg tilkomst til friluftsområde.

I område merka BOP1-2 kan det etablerast offentlig tenesteyting.

Det er krav om reguleringsplan for alle område med arealstatus "framtidig".

Innan område for tenesteyting med arealstatus "noverande" kan eksisterande bygg vidareutviklast.

2.1.7 Fritids- og turismeføremål

Innan område merka BC kan eksisterande campingplass vidareutviklast i samsvar med bestemmelsar fastsett i reguleringsplan RTK-7303 Ose.

2.1.8 Næringsområde – framtidig

Det er krav om reguleringsplan for næringsområde med arealstatus "framtidig". Plantype for dei forskjellige utbyggingsområda går fram av tabellen under:

Områdeplan jf. pbl § 12-2	Detaljreguleringsplan jf. pbl §12-3*
	BN1, BN2, BN3

Ved utarbeiding av reguleringsplan skal følgjande retningslinjer og bestemmelsar leggst til grunn:

Bestemmelse jf. pbl §11-10	Retningsline
Fornybare energikjelder skal vurderast for alle nye næringsområde.	Maks byggehøgde, utnyttingsgrad m.v. skal vurderast særskilt for den enkelte reguleringsplan med tanke på best mogleg terrengtilpassing og verknad for omgjevnadane. Avkøyrsløysingar og vegsystem skal planleggast i samanheng for heile utbyggingsområdet.

2.1.9 Næringsbygg – noverande

Område for næringsbygg med arealstatus noverande gjeld område som i dag er heilt eller delvis utbygde til næringsføremål, men som ikkje har gjeldande reguleringsplan.

Nye næringsbygg kan oppførast utan plankrav dersom det etter ei konkret vurdering ikkje er behov for å utarbeide reguleringsplan. Det same gjeld tilbygg/påbygg på eksisterande bygg.

2.1.10 Idrettsanlegg

Innan område merka BAI1 kan det etablerast hestesportanlegg med naudsynte baner, hallar, stallar, innhegningar osv. Hestesportanlegget kan ikkje byggast ut før det ligg føre ein godkjent detaljreguleringsplan.

2.1.11 Naust – framtidig

Innan område for naust kan det etablerast naust for oppbevaring av båt, reiskap og utstyr.

Det er krav til detaljreguleringsplan for alle område for naust med arealstatus framtidig.

Ved utarbeiding av reguleringsplan skal følgjande retningslinjer og bestemmelsar leggest til grunn:

Bestemmelse jf. pbl §11-10	Retningsline
<p>Naust kan ikkje innreiast for varig opphald.</p> <p>I naustområde skal det vere ope for fri ferdsle i strandsona. Uteområda rundt nausta kan ikkje privatiserast med ferdselshindringar (murar/gjerde), plattingar, stampar eller hageflekkar. Lista er ikkje uttømande.</p> <p>Alle konstruksjonar under kote 2,72 skal dimensjonerast og utformast for å tåle påkjenningar ved stormflo.</p>	<p>Frittstående naust skal normalt ikkje vere større enn 40m² BYA. Ev. behov for større naust må avklarast i reguleringsplan.</p> <p>Naust kan ikkje ha takopplett (ark/kvist), karnapp, pipe, leveggar, store vindauge og andre element som ikkje er i samsvar med naustet sin funksjon.</p> <p>Maks. høgde mot sjøen skal ikkje overstige 5,5m. Naust skal ha saltak med mønevinkel mellom 27 og 42 grader, og mørk eller matt fargeverknad.</p>

2.1.12 Naust – noverande

Bestemmingane skal gjelde for naustområde med arealstatus noverande og ved ev. handsaming av dispensasjon for bygging av naust i LNF-område.

Naustområde med arealstatus noverande gjeld område som i dag er heilt eller delvis utbygde til naustføremål, men som ikkje har gjeldande reguleringsplan.

Nye naustbygg kan oppførast utan plankrav dersom det kan dokumenterast at dette ikkje vil vere til hinder for ei seinare regulering eller der det etter ei konkret vurdering ikkje er behov for å utarbeide reguleringsplan.

Bestemmelse jf. pbl §11-10	Retningsline
<p>Naust kan ikkje innreiast for varig opphald.</p> <p>I naustområde skal det vere ope for fri ferdsle i strandsona. Uteområda rundt nausta kan ikkje privatiserast med ferdselshindringar (murar/gjerde), plattingar, stampar eller hageflekkar. Lista er ikkje uttømande.</p> <p>Naust skal ikkje vere større enn 40m² BRA.</p> <p>Naust kan ikkje ha takopplett (ark/kvist), karnappar, pipe, leveggar, store vindauge og andre element som ikkje er i samsvar med naustet sin funksjon.</p> <p>Maks mønehøgd skal ikkje overstige 5,5m. Naust skal ha saltak med mønevinkel mellom 27 og 42 grader, og mørk eller matt fargeverknad.</p> <p>Alle konstruksjonar lavare enn dimensjonerande stormflonivå skal dimensjonerast og utformast for å tåle påkjenningar ved stormflo.</p> <p>Det skal etablerast minimum ½ parkeringsplass pr. naust.</p>	

2.2. SAMFERDSEL OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

Nye- eller vesentleg utviding av eksisterande offentlege vegar skal regulerast. For dei vegklassene der det er aktuelt, skal gang-/sykkelveg planleggast og byggjast samstundes med køyrevegen.

Nye vegar skal planleggast etter kommunen sine til ei kvar tid gjeldande retningslinjer. Der kommunen ikkje har eigne retningslinjer, skal Statens vegvesen sine handbøker leggest til grunn.

2.3. – GRØNTSTRUKTUR

2.3.1 Grønstruktur

Område for grønstruktur skal vere naturprega, men det kan gjerast tilretteleggingstiltak for opphald med. t.d. benkar gangstiar og enkle konstruksjonar knytt til friluftsliv.

Området G1 skal regulerast m.a. for å take i vare kulturminna før det kan gjerast tilretteleggingstiltak.

2.3.2 Naturområde

Innan naturområda er det viktige og svært viktige naturverdiar. Det er forbod mot tiltak etter pbl §1-6 – herunder tiltak knytt til landbruket. Det er heller ikkje tillate med andre tiltak som kan vere til skade for naturinteressene, slik som flatehogst, dyrking, drenering, treslagskifte m.v.

2.3.3 Friområde

Friområde kan opparbeidast med t.d. benkar/sittegrupper, gangveggar/-stiar, enkle konstruksjonar m.v., i samsvar med funksjonen til det enkelte område. Universell utforming skal leggst til grunn ved planlegginga.

2.3.4 Park

